



**VESTNES KOMMUNE**  
**Skuleskyss i Vestnes kommune.**

**REGLEMENT**

Reglementet er vedteke av kommunestyret i Vestnes 19.03.2009 og gjeld frå 01.04.2009.

**1. Automatisk rett til skuleskyss:**

**Desse har automatisk rett til skuleskyss med heimel i opplæringslova § 7-1:**

**a. Elevar på 2.-10. årssteg som bur meir enn fire kilometer frå skulen.**

**b. Elevar på 1. årssteg som bur meir enn to kilometer frå skulen.**

Lengda på skulevegen er definert slik:

*Frå dør til dør etter farande veg.*

Dette betyr ikkje at eleven kan krevje skyss heilt frå heimen. Det må kunne krevjast at eleven går ein *rimeleg distanse* fram til oppsamlingsplass.

**2. Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg:**

**Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda (opplæringslova § 7-1).**

Dette blir i Vestnes kommune definert slik:

**a. For elevar på 1. årssteg:**

*Elevar på 1. årssteg som må ferdast langs vanleg trafikkert hovudveg utan fortau, eller der gangveg ikkje er klart skilt frå køyreveg med t.d. rabatt, grøft eller anna stengsel, får gratis skuleskyss på desse strekningane, sjølv om avstanden til skulen er under 2 km:*

*Fiksdal skule:*

- Marken/Ellingseter/Nakken, Hagarden, Fiksdalsstranda (frå "Langnes-svingen")

*Helland skule:*

- Vestsida av Vestnes-straumen

*Tresfjord skule:*

- Strekingen Nerem – Tresfjord skule

*Vike skule:*

- Strekinga langs europavegen mot Krogset der det ikkje er samanhengande gang/sykkelveg/alternativ veg

**b. For elevar i 2.-10. årssteg:**

*Elevar i 2.-10. årssteg får gratis skuleskyss på desse strekningane, sjølv om avstanden til skulen er mindre enn 4 km:*

*Fiksdal skule:*

- Gjelsten (2.-4. årssteg)
- Marken/Ellingseter/Nakken (2. – 4. årssteg)

*Tresfjord skule:*

- Strekninga langs europavegen mot Løvik der det ikkje er samanhengande gang/sykkelveg
- Strekningen Hoem – Tresfjord kyrkje
- Strekningen rundt bygda (2. – 4. årssteg)

*Vike skule:*

- Strekninga langs europavegen mot Krogset der det ikkje er samanhengande gang/sykkelveg/alternativ veg

**c. Vinterskyss for elevar på 1.-4. årssteg:**

*Elevar på 1.-4. årssteg som bur meir enn 2 km frå skulen får fri skuleskyss i november, desember, januar, februar, mars. Dette gjeld også desse strekningane, sjølv om avstanden er under 2 km:*

*Fiksdal skule:*

- Marken/Ellingseter/Nakken, Hagarden, Fiksdalsstranda (frå "Langnes-svingen")

*Helland skule:*

- Vestsida av Vestnes-straumen

*Vike skule:*

- Strekninga langs europavegen mot Krogset der det ikkje er samanhengande gang/sykkelveg/alternativ veg

**3. Høve til å reise som betalande passasjerar:**

Kommunen vil, i samarbeid med SRB, så langt det er praktisk mogleg, hjelpe til med å legge tilhøva til rette slik at elevar som ikkje får rett til gratis skyss, får høve til å vere med som betalande passasjerar.

**4. Funksjonshemma, mellombels skadde eller sjuke elevar:**

Elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til det uavhengig av avstanden mellom heimen og opplæringsstaden (opplæringslova § 7-3).

**5. Unntak og særordningar:**

Dersom elevar/føresette meiner at dette skyssreglementet ikkje ivaretek tryggleiken til elevane godt nok i høve til opplæringslova § 7-1, kan dei søkje kommunen om unntak/særordningar. Slik søknad kan fremjast for ein skilde elevar eller for fleire elevar som bur i same område. Eventuell søknad skal sendast til *Vestnes kommune v/ administrasjonssjefen*. Klageinstans på eventuelle avslag er Fylkemannen i Møre og Romsdal.